



>> Tenester til deg >> Nyhende >> Om Radøy kommune >> Den grønne øya >> Aktuelt

Du er her: [Framsida](#) / [Tenester til deg](#) / [Rettslege spørsmål](#) / [Forlikråds](#)

Rettslege spørsmål

- Klage til Sivilombodsmannen
- Fri rettshjelp
- **Forlikråd**
- Konfliktråd

Forlikråd

GENERELT

Omtale

Forlikrådet er ein av dei alminnelige domstolane våre. Sivile tvistar skal som hovudregel behandlast av forlikrådet før dei eventuelt kan takast til tingretten. Forlikrådet skal alltid prøve mekling mellom partane, og kan også i mange tilfelle seie dom. Både forlik og dom i forlikrådet har rettsverknad. Det tyder blant anna at ei avgjerd i forlikrådet blir ståande dersom ho ikkje blir ført vidare til tingretten, og at ho kan tvangsfullførast via namsmannen.

Det er eit forlikråd i kvar kommune. Forlikrådet har tre valde faste medlemmer og tre varamedlemmer. Medlemmene blir valde av kommunen.

Les meir om [forlikrådet i Radøy kommune](#).

Målgruppe

Personar eller firma som har eit krav mot ein annan person eller eit firma.

Kriterium/vilkår

Gebynet må vere betalt før saka blir behandla.

Brosjyrer, dokumenter, kart og lignende

[Hva er forlikrådet?](#)

Samarbeidspartnarar

Fylkesmannen har visse tilsynsfunksjonar i forlikråda.

Beslektede tenester

[Konfliktråd](#)

OM SØKNADSPROSESSEN

Rettleiing

Det er ein fordel at forliksklagen blir levert skriftleg, men du har også høve til å setje han fram munnleg ved personleg frammøte. I forliksklagen må du kort melde frå om kva det er som blir kravd og grunnlaget for det. Du må dessutan gje opp utførelg namn og adresse til den du har stemna inn.

Vedlegg

Viktig dokumentasjon, f.eks. faktura, betalingsavtale o.l. skal leggjast ved.

Søknadsfrist

Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet den som er stemna inn fekk, eller burde ha fått, kjennskap til kravet. Finn forlikrådet at eit krav er forelda, vil det bli sagt dom for frifinning.

Høve til å klage

Dommar i forlikrådet kan innan ein månad bli anka til tingretten. Det er avgrensa høve til anke for rettsforlik.

ANDRE OPPLYSNINGAR

Sist oppdatert: 08.09.2010

Kontakt oss

Radøy forlikråd
Postboks 33
5902 ISDALSTØ
Tlf. 56 35 56 91 / 56 35 56 70

Sjølvetening

- Postliste
- Elektroniske skjema
- Min ID
- Nordhordlandskart
- Tinging av legetime og resept
- Kontakt oss

Les meir

- Politiet
- domstol.no
- Sivilombodsmannen
- Konfliktråd

Skriv ut denne sida

Lag pdf av sida

Tips nokon om denne sida

